



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 15. mai 2018

Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen

Kl.: 08.30 – 11.10

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Torhild Stav Skare (varamedlem for Rikke Slåtten Nordal), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen) og Øyvind Bratshaug (medlem)

Innkalla: Rådmann Martin W. Kulild (til sak 23/18)
Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 23/18)

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Aslaug Aalen, Rikke Slåtten Nordal og Morten Klementsens. Klementsens sin vara er innkalla, men kunne ikkje møte.

Solbjørg Åmdal Sandvik deltok til kl 10.00 (under sak 23/18)
Grunna forfall var 6 av 7 medlemar til stades ved oppstart av møte og 5 av 7 medlemar ved vedtak i sak 23 til 25/18.

20/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

21/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møtet 19.04. 2018

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå 19.04. 2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 19.04. 2018 er godkjent

22/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

Orientering om fristar i årsoppgjeret, Nordhordland Revisjon IKS

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

23/18 Årsrekneskapen 2017 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Rekneskap og årsmelding for 2017, Meland kommune.

Revisjonsmeldingar til kommunestyret datert 15.04.2018 og 11.05.2018

Revisjonsrapport nr. 15, datert 11.05.2018, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg kommuner og fylkeskommuner»

Behandling i møte:

Solbjørg Åmdal Sandvik deltok under orienteringar i saka fram til kl 10.00.

Rådmann, økonomisjef og revisjonssjef møtte i saka for å orientere.

Økonomisjef og rådmannen orienterte om årsrekneskapet og avvika som er på tenesteområda, samt om planar for å snu utviklinga i 2018.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om revisjonen sine kommentarar i Revisjonsrapport nr. 15.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2017, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd gjev kontrollutvalet slik uttale til kommunestyret om Meland kommune sin årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Meland kommune for 2017. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt to revisjonsmeldingar for 2017 og Revisjonsrapport nr. 15.

Kontrollutvalet har merka seg at revisor for 2017 har gjeve ei negativ revisjonsmelding grunna fristbrot pr. 15.02. og revisor sine kommentar til dette, jmf. pkt 3 i revisjonsrapport nr 15.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Kontrollutvalet sluttar seg likevel til revisjonen sin kommentar til årsmeldinga om at ein for 2018 viser til den offisielle årsrekneskapen i analysen, jmf. pkt. 2.5 i revisjonsrapporten.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Rekneskapen for 2017 syner eit rekneskapsmessig meirforbruk på 4,8 mill. kr og eit negativt netto driftsresultat på -5,9 mill. kr (- 1%). Dette utgjer ein stor reduksjon av netto driftsresultat i høve 2016, som då var 14,3 mill kr (2,5%). Årsak til nedgang er omtala i årsmeldinga.

For kommunesektoren er det netto driftsresultatet tilrådd å vere på minimum 1,75%. Kommunen har eit stort avvik mellom måltal satt av Teknisk Berekningsutval og budsjettert resultat. Kontrollutvalet sluttar seg til rådmannen sin omtale i årsmeldinga om at dette vil gje utfordringar, men at dette må aktivt følgjast opp for å snu utviklinga. Kontrollutvalet vil i denne samanheng peika på omtalen i årsmeldinga om at den vedtekne økonomiplanen, med nye store låneopptak og stor auke av rente- og avdragsutgifter, kan vere krevjande å balansere i komande budsjettår.

Totale netto inntekter auka i 2017 kr 14,5 mill som utgjer 3,4% i høve til 2016. Dette er ein lågare vekst enn 5,1 % på landsbasis. Kontrollutvalet er uroa for at auken i driftsutgiftene i 2017 har vore større enn auken i driftsinntektene.

I § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding er det sett krav om at avvik på dei ulike tenesteområda skal forklarast. Avvik netto ordinær drift er – 1,6 mill kr. Det er totalt 8,5 mill. kr i meirforbruk på tenesteområda, men der leige av modulbygg til utbygging skular utgjer 7,1 mill. kr. Avvika går fram av skjema 1A og 1B og er nærmare forklart i årsmeldinga, og ved tabell under kap. 2.2.4.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Desse områda er omtala i årsmeldinga kap. 2.6, 2.7 og 4.4.

Meland kommune hadde i 2017 ein stor auke i sjukefråvære frå 7,1% til 9,1%. Tal årsverk auka i 2017 med 33,2. Den største auken er på skulane.

Revisjon

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillende utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimrevisjon i året.

Av Revisjonsrapport nr 15 går det fram kva tilhøve revisjonen har gjeve kommentarar til.

Etter utførte kontrollar ved interimrevisjonar er det i revisjonsrapporten kommentert og gjeve tilrådingar for ulike tilhøve vedkomande:

- 1.1 Innkjøp og mva – ingen merknad
- 1.2 Sosiale utbetalningar – rutinar for dokumentasjon må utarbeidast
- 1.3 Investeringar
 - Prosjekt Sagstad skule kontrollert, leige modular er korrigert
 - Stikkprøvar fakturering teknisk avd., ingen avvik, rutine for kontroll tilrådd utarbeida
- 1.4 Mva kompensasjon utleigebustader, påpeika rutinebeskrivelse manglar

Vedkomande årsrekneskapet er det kommentert og tilrådd oppfølging av:

- 2.1 Avsetjing usikre kundekrav – vurdere storleik ved neste årsoppgjer.
- 2.2 Bankkontoar utanom rekneskapen – manglar framleis dokumentasjon
- 2.3 Langsiktig gjeld
 - tilrådd å vurdere kostnad risiko for bruk av kortsiktige finansielle instrument
 - dokumentasjon av arbeidsdeling ved røfinansiering av lån
- 2.4 Økonomisk sosialhjelp og foreldrebetaling – avstemming ikkje dokumentert, rutine bør utarbeidast

Revisjonen har i sin rapport ikkje vurdert sine kommentarar som vesentleg i høve til revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2018 følgje opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 15.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldingane til årsrekneskapen datert 15.04.18 og 11.05.18 og revisjonsrapport nr. 15 datert 11.05.2018, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Meland kommune for 2017.

Samrøystes vedtak:

Framlegg til vedtak med føretekte endringar er godkjendte

24/18 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene slik:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsén

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

25/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Ny møtedato vert fastsett til tirsdag 20. september 2018 kl 08.30.

Saker til neste møte:

Felles møte mellom kontrollutvala i Alver

Frekhaug, tirsdag 15. mai 2018

Kåre Skibenes /leiar

Kåre Skibenes


Øyvind Olsnes/sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 040, FE - 217	17/2406

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2018	Kommunestyret	PS	02.05.2018

Forvaltningsrevisjonsrapport Meland kommune - Vedtaksoppfølging

Vedlegg:

Særutskrift frå møte i kontrollutvalet 19.04.18, sak 15/18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Vedtaksoppfølging
Endeleg rapport 26.03.2018 - Forvaltningsrevisjon -Vedtaksoppfølging Meland kommune
Kommentarar til revisjonsrapport "Vedtaksoppfølging"
Høringsutkast - 22.02.2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sjå saksutgreiing frå møte i Kontrollutvalet 19.04.18.

27/2018: Forvaltningsrevisjonsrapport Meland kommune - Vedtaksoppfølging

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.
Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit prosjekt i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.
Prosjektet sitt overordna mål er å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.
Innan 1. oktober 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

02.05.2018 KOMMUNESTYRET

KS - 27/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.
Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit prosjekt i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.
Prosjektet sitt overordna mål er å utvikle system og rutinar for ei god vedtaksoppfølging i Alver kommune.
Innan 1. oktober 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/18	Kommunestyret	PS	21.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1753

Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik

Vedlegg :

2018 06 06 Særutskrift - Lindås kontrollutval, Forvaltningsprosjekt informasjonstryggleik - prosjektplan og oppfølgingLindås kommune - forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik , rapport november 2017

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar i Forvaltningsrapport – Lindås kommune Informasjonstryggleik , Nov. 2017.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit felles prosjekt i samarbeid med kommunane, som skal inn i Alver kommune, og i samsvar med framlagt prosjektmandat.

Innan 1. november 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om status for gjennomføring av delmål og fasar i prosjektet.

Kommunestyret - 038/18

KO - behandling:

Deloitte orienterte.

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar i Forvaltningsrapport – Lindås kommune Informasjonstryggleik , Nov. 2017.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten gjennom eit felles prosjekt i samarbeid med kommunane, som skal inn i Alver kommune, og i samsvar med framlagt prosjektmandat.

Innan 1. november 2018 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om status for gjennomføring av delmål og fasar i prosjektet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	18/2054

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
71/2018	Formannskapet	PS	29.08.2018

Økonomisk rapportering juli 2018

Vedlegg:

2018-07 Rekneskapsrapport

Saksopplysningar:

Vedlagt følgjer driftsrapport for juli 2018.

Normalt sett vert det innrapportert status på driftsrekneskapan og oppdatert prognose for året frå alle tenesteområda som grunnlag for driftsrapporten. Grunna ferieavviklinga har vi ikkje oppdatert rapportering frå alle tenesteområda, og delar av rapporten er derfor basert i større grad enn normalt på økonomikontoret sin vurdering av rekneskapsmessig status. Det vert ikkje gjort framlegg om budsjettendringar på basis av denne rapporten. Dette kjem ein eventuelt tilbake til i rapportering for 2. tertial som vert lagt fram på neste formannskapsmøte (17. okt).

Administasjonen kjem tilbake med utfyllande rapportering av status på investeringar i ovannemde tertialrapport. Grunna ferieavvikling har vi ikkje ferdigstilt investeringsrapport per juli.

Kommentar til driftsrekneskapan:

Meland kommune har gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar som ligg under 90% av landsgjennomsnittet. Kommunen får dermed skatteutjammingsmidlar. Desse er avhengig av den nasjonale skatteinngangen. I revidert nasjonalbudsjett for 2018 er forventet skatteauke på 1% frå 2017 til 2018. Per juli er veksten 4%. Det er likevel for tidleg å seie noko sikkert om kva vi kan vente for året totalt sett, då et moderat lønsoppgjer er venta å gje lågare skatteinntekter enn rekna med. For Meland kommune er skatteveksten per juli på 4,8% i forhold til same periode i fjor.

Det vert elles venta betydelege inntekter frå Havbruksfondet til kommunane i 2018. Kor mykje kvar kommune får vert ikkje klart før i oktober 2018. Meland kommune kan truleg rekne med noko over kr 2 mill, medan vi i 2017 fekk mindre enn kr 100.000,-.

Rådgjavar skule melder forventet meirkostnadar på kr 0,8 mill for året grunna auka kostnadar til tiltak knytt til elevar med særskilte behov som ikkje går i den kommunale skulen. Barnevernstenesta vart i 2018 budsjettet med kr 10,4 mill, som er betydeleg lågare enn kostnadane både i rekneskapan for 2016 (13,0 mill) og for 2017 (13,9 mill). Budsjettet er allereie auka med kr 1,0 mill inneverande år, men vi må rekne med ytterlegare meirforbruk på minimum kr 2,0 mill. Dette kjem vi attende til i seinare rapportering.

Vi ser i tillegg at det på fleire andre tenester er usikkerhet om vi klarer å halde oss innanfor budsjetttrammene. Nærare analyse av desse områda kjem og i tertialrapporten.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport for juli 2018 vert teken til vitande.

Formannskapet - 71/2018

FS - behandling:

FS - vedtak:

Budsjettrapport for juli 2018 vert teken til vitande.

Økonomisk rapportering for juli 2018 med prognose for året

Tal i heile 1.000 kr

TO	Tenestoområde	Rekn. JULI 2018	Rev. Budsj.	Rest	Forbr i %	Progn.	Diff. rev budsj 2018 og progn.	Kommentar
12	Økonomi/Finans	290 249	454 270	164 021	63,9 %	454 270	-	Forventa inntekter frå havbruksfondet ikkje budsjettert, usikkert kor mykje. - God skatteinngang hittil i år, men fortsatt usikkert om vi får meirinntekter totalt for året.
10	Politikk/Rådmannskontor	12 071	17 750	5 679	68,0 %	17 750	-	Meirutgifter i varierende grad på fleire postar, mellom anna til bedriftshelsetenesta. Totalt sett ikkje venta vesentleg meirforbruk.
11	Økonomikontor	6 483	9 740	3 257	66,6 %	9 740	-	Felles løn- og rekneskapskontor med Lindås og Radøy formelt etablert frå 1. aug, men flytting skjer ikkje før midt i sept. Førebels ikkje venta budsjetttavik.
13	IKT og Brann	7 026	15 530	8 504	45,2 %	15 530	-	Høge kostnader i brannvernet i sommar, men ikkje avklart så langt om vi får meirkostnader for året totalt sett. Skal skifte telefonileverandør hausten 2018, usikkert om det vert ekstrakostnader i samband med skiftet. Noko lågt budsjett på IKT-lisensar, nærare vurdering i seinare rapportering.
14	Rådgjevartenesta	3 033	9 570	6 537	31,7 %	10 370	- 800	Forventa meirforbruk skuldast auka kostnader til elevar som ikkje går i den kommunale skulen med spesialpedagogiske behov frå hausten 2018, samt auka kostnader til barn som går på skule i andre kommunar.
15	Barnehageadmin. og tilsyn	46 267	84 460	38 193	54,8 %	84 460	-	Usikkerhet knyttet til nivå på refusjonar til spesialpedagogiske tiltak i ikkje-kommunale barnehagar og til barn i barnehagar i andre kommunar. - Nærare analyse i seinare rapportering.
19	PPT	1 600	2 980	1 380	53,7 %	2 980	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt.
20	Kommunal Barnehagedrift	3 985	7 010	3 025	56,8 %	7 010	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt.
21	Grasdal skule	8 649	14 060	5 411	61,5 %	14 060	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt.
23	Meland Ungdomsskule og VO	9 587	17 040	7 453	56,3 %	17 040	-	Auka ressursbehov til barn med særskilte behov gjer at det er usikkert om ein vil klare å halde budsjetttrammene. Nærare avklaring i seinare rapportering.
24	Rosslund skule	14 854	25 260	10 406	58,8 %	25 260	-	Forventa meirforbruk utover året knytt til ekstra skuleskyss og kjøp av tenester på alternativ opplæringsarena. Auka refusjonsinntekter for gjesteelevar frå andre kommunar. Førebels ikkje forventa avvik totalt for året.
25	Sagstad skule	18 510	32 210	13 700	57,5 %	32 210	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt. Høgt sjukefråver tidlegare i år, men ser no vesentleg betring.
26	Vestbygd skule	11 944	19 920	7 976	60,0 %	19 920	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt.
30	Helse	15 139	27 940	12 801	54,2 %	27 940	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt.
35	NAV	- 2 368	12 280	14 648	-19,3 %	12 280	-	Ikkje forventa budsjetttavik så langt.

Økonomisk rapportering for juli 2018 med prognose for året

Tal i heile 1.000 kr

TO	Tenesteområde	Rekn. JULI 2018	Rev. Budsj.	Rest	Forbr i %	Progn.	Diff. rev budsj 2018 og progn.	Kommentar
36	Barnevern	6 972	11 370	4 398	61,3 %	13 370	- 2 000	Budsjettert for lågt i 2017, som og vart vidareført i 2018. Tilleggsøyving tidlegare i år på kr 1,0 mill, men fortsatt er revidert budsjettet for 2018 kr 2,5 mill lågare enn utgiftene i rekneskapen for 2017 på kr 13,9 mill. Forventa meirforbruk på ytterlegare kr 2-3 mill i 2018.
37	Meland Sjukeheim	27 727	46 100	18 373	60,1 %	46 100	-	Prognose for året totalt er usikker på grunn av mange variablar og forventa inntekter som ikkje er utfakturert. Langtidsavdelinga kan få eit meirforbruk. Nærare vurdering i seinare rapportering.
38	Meland Heimetenester	42 293	64 570	22 277	65,5 %	64 570	-	Ikkje forventa budsjettavvik så langt.
50	Kulturkontor	6 334	10 650	4 316	59,5 %	10 650	-	Ikkje forventa budsjettavvik så langt.
60	PUK - Plan, Utbygging, komm. Tekn,	8 607	32 460	23 853	26,5 %	32 460	-	På grunn av den vanskelege vinteren er heile brøyte- og strøingbudsjettet for 2018 brukt, og vil truleg ikkje kunna dekkjast inn att over ramma for tenesteområdet. Nærare analyse og fastsetting av evt. forventa meirforbruk kjem i seinare rapportering.
	Lønstillegg til fordeling alle TO			-		-	-	
	Sum utgifter tenesteområda	248 715	460 900	212 185	54,0 %	463 700	- 2 800	
	Netto overskot eller avsetn. til (+) eller bruk av (-) disp.fond	41 534	- 6 630	- 48 164		- 9 430	- 2 800	Eventuell budsjettending knytta til differansen på kr 2,8 mill kjem i samband med seinare rapportering.

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

1. Formål

Kommunane Radøy, Lindås og Meland har vedteke å gå saman om å skape ein ny, felles kommune. Kommunane opprettar ei fellesnemnd for å samordne og førebu etableringa av den nye kommunen som skal vere operativ frå og med 1. januar 2020.

2. Oppnemning. Samansetting. Funksjonstid

2.1 Radøy (5), Meland (6) og Lindås (10) vel kvar sine faste medlemer og vara til fellesnemnda. Valet skjer av og blant dei faste medlemene av kommunestyra.

2.2 Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

2.3 Fellesnemnda startar sin funksjon i konstituerande møte september 2017. Funksjonstida går ut når det nye kommunestyret, som blir vald ved kommunestyrevalet 2019, er konstituert etter reglane i inndelingslova § 27.

2.4 Ordførarane utgjør fellesnemnda sitt saksførebuaende utval. Varaordførar trer inn ved forfall. Rådmennene deltek i møta i utvalet. Utvalet skal fastsetje agenda for møta og koordinere sakene til fellesnemnda.

Utvalet kan få delegert mynde frå fellesnemnda jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd..

Koordinerande tillitsvald deltek under handsaming av saker til partssamansett utval.

2.5 Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar. Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er ordførarane og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar.

Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett.

3. Oppgåver etter inndelingslova:

3.1 Fellesnemnda skal førebu arbeidet med kommunesamanslåinga, og sikre naudsynt samordning mellom dei tre kommunane fram til konstituerande møte er halde for nyvalt kommunestyre hausten 2019.

3.2 Fellesnemnda skal gjennomgå og vurdere alle prinsipielle forhold ved samanslåingsprosessen.

3.3 Fellesnemnda skal ta hand om det førebuaende arbeidet med økonomiplan og budsjett for første driftsår. (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum), her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av juni 2019. (Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova)).

3.4 Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnde i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).

4. Fellesnemnda, skal med dei føringane som ligg i intensjonsavtalen for Alver kommune:

4.1 Ta ansvar for informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane under etableringa av Alver kommune.

4.2 Ta hand om det førebuaende arbeidet med planprogram for planstrategi for Alver kommune.

4.3 Vidareutvikle modellen for den folkevalde styringsstrukturen. Modellen skal vere nedfelt i eit samla reglement, og vere grunnlaget for det nye kommunestyret sine val til dei aktuelle organa hausten 2019, jf. pkt. 6.3. i intensjonsavtalen.

- 4.4 Fellesnemnda skal orienterast under programansvarleg/rådmannen sin utarbeiding av modellen for den administrative styringsstrukturen.
- 4.5 Utarbeide framlegg til reglement med delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ, og til rådmannen. (Vert vedteke av Alver kommune, desember 2019)
- 4.6 Vurdere kva for interkommunalt samarbeid som vert ført vidare som no, eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid.
- 4.7 Utarbeide framlegg til beredskapsplan for den nye kommunen.

5 Fellesnemnda får fullmakt til å:

- 5.1 gjere vedtak i alle saker som er naudsynte for å etablere den nye kommunen
- 5.2 tilsetje rådmann og plassere inn dei eksisterande rådmenn i Alver kommune. Rådmannen vert programansvarleg for kommunesamanslåingsprosessen. Ordførarane er tilsettingsutval.
- 5.3 tilsetje personell i den nye kommunen, i tråd med omstillingsavtalen.
- 5.4 gjere vedtak om godtgjersle og reglement for politisk arbeid i Alver kommune.
- 5.5 gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum.
- 5.6 inngå naudsynte avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr, og andre avtalar for å etablere den nye kommunen.
- 5.7 fastsetje arbeidsgjevarpolitikk og andre personalpolitiske reglement og planar for den nye kommunen i tråd med hovudavtalen, omstillingsavtalen og arbeidsmiljølova.
- 5.8 inngå omstillingsavtale.
- 5.9 delegere sin mynde vidare til rådmann/programansvarleg .

6. Forholdet til dei eksisterande kommunane

Kvar av kommunane har i perioden fram til kommunesamanslåinga ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha vesentleg betydning for den nye kommunen bør drøftast i fellesnemnda før endeleg avgjerd i dei respektive kommunestyra.

7. Arbeidet i fellesnemnda

- 7.1 Fellesnemnda arbeider etter prinsippet for ein prosjektorganisasjon og med programansvarleg som dagleg leiar.
- 7.2 Programansvarleg rapporterer om sitt arbeid til nemnda.
- 7.3 Kvar av deltakarkommunane, jf. kapittel 1 i dette reglementet, stiller med administrativt personell for å hjelpe fellesnemnda og programansvarleg til å løyse sine oppgåver.
- 7.4 Medlemmer av fellesnemnda og politisk valde representantar i underutval og delprosjekt skal ha godtgjersle som følgjer av eige reglement.
- 7.5 Innkalling til og referat frå møta i fellesnemnda skal gå som kopi til kommunane så snart dei er klare. Denne informasjonen skal bli lagt fram som melding eller eiga sak til kommunestyra etter nærare reglar fastsett av kvar kommune.
- 7.6 Lindås kommune tek ansvar for arkiv og dokumentasjon, knytt til etableringa av nye Alver kommune.

8. Økonomi

Fellesnemnda disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre midlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga. Gjeld ikkje kompensasjon for redusert basistilskot.